

Nyhetsbrev nr. 24

12. desember 2018

Kjære medlemmer

Nytt medlemsbrev med informasjon om støttegruppens aktiviteter.



I denne utgaven kan du lese om:

- | | |
|------------------------------------|------|
| × Fylkesledersamlingen høsten 2018 | s. 2 |
| × Ungdomssamlingen | s. 4 |
| × Fylkeslagssamling på Voss | s. 5 |

Fylkesledersamlingen høsten 2018

Fylkesleiersamlinga for 2018 gjekk av stabelen på Thon Hotel Oslo Airport 2.-4. november. Styret takkar for eit godt oppmøte, konstruktive diskusjonar, viktig informasjonsutveksling og ikkje minst hyggeleg samver. Nedanfor følgjer kort referat frå presentasjonane som blei halde på samlinga.

Leiar for støttegruppa Lisbeth Røynealand informerte om styrets arbeid og kva som har skjedd sia årsmøtet. Støttegruppa håpar at installasjonen skal vere på plass mai/juni 2019. Forutan jernrose-prosjektet, informerte Lisbeth om saker frå statsbudsjettet og øvrig samarbeid med myndigheitene. Dessutan blei det gjort greie for styrets øvrige arbeid med offentlege høyringar, foredrag, erfaringsutveksling, og internasjonalt samarbeid, samt landsdekkande samlingar og Ungdomssamlinga på Sørmarka. Det blei også varsla at det vil bli halde samling for etterlatne seinhausten 2019. Det blei referert kven som er medlemmar av planleggingsgruppa. Medlemmar til planleggingsgruppe for samling for foreldre til overlevande blei også etterspurt. Til slutt hadde forsamlinga ein runde med diskusjon om Netflix-filmen “22 July”.

Presentasjon av forskning på etterverknadar etter 22. Juli ved Synne Stensland, forsker ved NKVTS). Stensland nytta høvet til å takke alle som har deltatt i Utøya-studien, der siste intervju blei gjennomført i 2014. I alt 353 overlevande har blitt intervjuet på eit eller anna tidspunkt som del av undersøkinga. I tillegg kom foreldre. Totalt har det blitt utført over 3000 intervju. Takka vere dette er prosjektet av eit omfang som er unikt stort i internasjonal samanheng, og gir derfor eit uvurderleg bidrag til forskinga på etterverknadar etter terror. Studien konkluderer blant anna tydeleg med at terror-opplevingane har gitt psykiske helseplagar. Ein har dokumentert eit stort omfang av PTSD samanlikna med folkesetnaden for øvrig. Undersøkinga har også kartlagt omfang av såkalla traumepåminnarar. Det vil seie opplevingar som minner om det som skjedde, og som løyser ut kjenslemessige og/eller fysiske reaksjonar (også kalla “triggjarar”). Av dei intervjuet rapporterte eit fleirtal at dei opplevde slike påminnarar over eitt år etter terrora. 1 av 3 oppga på intervjutidspunktet at dei hadde opplevd det ofte eller svært ofte den siste månaden. Studien finn også at samanhengen blei sterkare over tid.

NKVTS har fått midlar til å gjennomføre ei ny undersøking, og Stensland gjorde også greie for moglege nye tema og oppfølgingstema for denne undersøkinga. Det blei stilt fleire spørsmål og kommentarar frå salen. Om blant anna kontroll over svar, og formidling. Støttegruppa formidla også ei oppmoding om behov for samarbeid mellom NKVTS og Nasjonalt senter for krisepsykologi.



Innledning ved Kunnskapsminister Jan Tore Sanner om hvordan læringen om terroren 22. juli skal inn i skolen og om demokratilæringsprosjektet i 22. juli senteret, og på Utøya.

Stadsråden vektla betydninga av at ein skal lære om tankegodset som låg bak handlingane, og kor viktige det er å skape medvit også om dei umedvitne haldningane som kan danne grunnlag for eit hatsom kan vekse seg større. Det aller viktigaste vi kan gjere: Legge eit godt grunnlag i skulen. Statsråden viste også til at det å skape eit inkluderande læringsmiljø og arbeid mot mobbing er viktige element i dette arbeidet.



Statsråden fekk mange spørsmål og kommentarar frå salen. Sanner bekreftet at læring om 22. juli skal inn i skolen, og satte pris på at styret i støttegruppa har gitt innspill til en spisset formulering i høringsinvitasjonen fra Utdanningsdirektoratet.

Han bekreftet blant annet at lærarane må få kunnskap og tryggleik til å handtere 22. juli og demokratispørsmål i klasserommet, NTNU- og Wergelandsenteret gitt oppdrag å utvikle læringsressursar og det har vært stor auke i besøkstalet ved 22. juli-senteret. I snitt 40 skuleklassar kvar veke.

Vitnesbyrd frå krigsveteran

Forutan fekk forsamlinga høyre eit sterkt foredrag av krigsveteran Kjetil Bragstad. Bragstad fortalt om kampen for å finne tilbake til livet etter å ha blitt livstruande skadd av ei bilbombe i Afghanistan, og om å leve med traumer og tapet av ein nær ven.

Informasjon om “los-funksjon” og presentasjon av Utøyakaia-prosjektet


Søndag heldt direktør i Helsedirektoratet Mette Garvoll, og Nils Petter Reinholdt, RVTS Øst, innlegg om kor viktig den nye los-funksjonen er, og korleis alle kan gi tilbakemeldingar slik at tenesta blir så bra som mogleg, og faktisk svarar på våre behov. Nils Petter vidareformidla dessutan også viktige tilbakemeldingar fra samlinga for overlevande i oktober. Avslutningsvis blei det orientert om status vedrørende den nasjonale minnestaden på Utøyakaia. Presentert av Statsbygg og utøvande team.

Vellykket ungdomssamling


Helgen 19.-21. oktober var rundt 70 ungdommer og 20 fagfolk og personell fra støttegruppen samlet på Sørmarka konferansehotell utenfor Oslo.

Deltakerne kunne velge mellom en rekke aktiviteter. Samtaler i mindre grupper inndelt etter tema som deltakerne hadde valgt ut på forhånd. Samtalene var fasilitert av en gruppeleder fra RVT Sene. Faglige foredrag fra NKVTS som omhandlet traumer, C-REXs Tore Bjørge snakket om den rykende ferske rapporten om høyreekstremisme i Norge, NAV snakket om ulike løp for oppfølging, og Statsbygg om minnestedet som kommer ved AUFs kai på landsiden rett ovenfor Utøya. På lørdags ettermiddag var det satt av tid til fysiske aktiviteter som resulterte i fotball, volleyball, kanotur, og gåtur i skogen.

HVA VAR DET BESTE MED SAMLINGEN?



VIL DU DELTA PÅ SAMLING 2019/2020?



Tilbakemeldingene har vært svært positive, slik som foregående år, for alle aktivitetene. Fellesskapet og det sosiale aspektet ved samlingen troner høyt og nesten 9 av 10 sier de ønsker å delta på ny samling. Ny landsdekkende samling arrangeres i 2020. Dersom man ønsker å samles i 2019, kan man søke sitt lokallag om midler til arrangementet.

Andre samlinger

Styret arrangerer landsdekkende samlinger for etterlatte og ungdommer hvert annet år. I 2019 arrangeres samling for etterlatte. I denne sammenheng vil vi også presisere at hvis noen av våre medlemmer ønsker å arrangere andre typer samlinger, som f.eks. samling for foreldre til overlevende, så oppfordrer vi dere til å søke om midler til dette.

Fylkeslaget i Hordaland arrangerte samling på Voss


Fylkeslaget i Hordaland har hatt julesamling på Voss Det ble både Kurts julequiz, flyging i vindtunnel, shopping på Vossevangen og show ved Claus Sellevoll og Cato Jensen.

På medlemsmøte ble det foredrag med Venke Johansen, fagutvikler ved RVTS-vest. Tema her var PTSD og senvirkninger, forskning rundt overlevende og los-ordningen. Geir Olsen, nestleder ved RVTS-vest var også tilstede og begge ble utover kvelden med tilbud om individuelle samtaler. Styret informerte også om aktuelle saker.



Juleavslutning for styret i nasjonal støttegruppe

Vi takket av Mani og Renate som har gjort en fantastisk jobb og vært uvurderlige sparringspartnere i arbeidet rundt viktige temaer etter 22. juli. En varm jernrose til dem begge.



Vi ønsker alle våre medlemmer en god og varm juletid

for styret i Den nasjonale støttegruppen etter 22. juli
Lisbeth Kristine Røyneland
<http://22juli.info/>

Organisasjonsnummer: 9974.13598
E-postadresse: stottegruppen@22juli.info

Kalender 2019

Styremøte 17. - 18. januar, Bergen

Styremøte 14. februar, Oslo

Styremøte 11. mars, Oslo

Styremøte, fylkesledersamling og årsmøte 5. - 7. april, Thon Hotell Arena, Lillestrøm

Vi takker for fotobidrag og illustrasjoner fra: Dag André Anderssen, Sveinung Hetland, Fylkeslaget Hordaland, Tor Inge Kristoffersen, Kristine Sandberg og Lisbeth Røyneland

Personvern: Hvis du ønsker å se hva vi har registrert av opplysninger om deg, eller hvis du ønsker å melde deg ut av Den nasjonale støttegruppen etter 22. juli: Send en epost til stottegruppen@22juli.info